

Bygningsmessig utviklingsplan for HMR eks. SNR - revisjon

Saksnr	Utvalsnamn	Møtedato
67/19	Styret for Helse Møre og Romsdal HF	23.10.2019

Saksbehandlar: Mona Aagaard-Nilsen
Arkivreferanse: 2019/133

Forslag til vedtak:

Styret for Helse Møre og Romsdal HF tek orientering om revisjon av bygningsmessig utviklingsplan for HMR eks. SNR til vitande.

Ålesund, 16. oktober 2019

Nils Kvernmo
konstituert adm. direktør

Vedlegg:

- 1 Bygningsmessig utviklingsplan for HMR eks. SNR

Saksutgreiing:

Styret for Helse Møre og Romsdal HF godkjende i februar 2018 utviklingsplanen for HMR under dette også bygningsmessig utviklingsplan for HMR eks. SNR. Den bygningsmessige utviklingsplanen gjeld i all hovudsak sjukehusa i Volda og Ålesund med omkringliggjande bygg og institusjonar.

Bygningsmessig utviklingsplan peiker på ønska utviklingsretning for aktuelle bygg basert på føringar gitt i verksemdsmessig utviklingsplan. I samband med godkjend lånefinansiering for SNR, blei det også løyvd lånemidlar til bygningsmessig utviklingsplan, totalt 211 MNOK (2019-kroner). Desse midlane er i LTB 2018-2022 prioritert fordelt på nokre større prosjekt ved sjukehusa i Volda og Ålesund. Dette gjeld *akuttmottak m/observasjonssenger i Volda, ny straumforsyning ved Ålesund sjukehus, akuttmottak og korttidspost ved Ålesund sjukehus og ny operasjonsfløy ved Ålesund sjukehus* (intensiv, postop. og operasjon). Ressursfordelinga mellom dei ulike prosjekta er basert på grove kalkyler utarbeidd som vedlegg til den bygningsmessige utviklingsplanen.

I arbeidet med konseptrapport for *akuttmottak og korttidspost ved Ålesund sjukehus*, har vi sett nærare på korleis pasientlogistikken i sjukehuset kan optimaliserast med akuttmottak og korttidspost i eksisterande areal og planlagd *ny operasjonsfløy* med intensiv, postop. og operasjon mot aust. Også *ny straumforsyning med naudstraumsaggregat* vil influere på val av konsept for dei to prioriterte prosjekta. Så langt viser grove kostnadskalkyler at gjennomføring av akuttmottak med korttidspost og ny operasjonsfløy ikkje er mogleg å realisere innanfor dei rammene som er gitt i LTB. Også kalkyla for ny straumforsyninga ser ut til å bli vesentleg høgare enn det som er lagt til grunn i LTB

Administrerande direktør si vurdering og tilråding

Med bakgrunn i endra føresetnadar – moglege løysningar og økonomiske rammer – for tre av dei prioriterte prosjekta for Ålesund sjukehus, ser adm.direktør det nødvendig å starte arbeidet med revisjon av bygningsmessig utviklingsplan. Dette inneber at vi ser nærmare på løysningar knytt til dei kortsiktige tiltaka frå LTB, medan dei langsiktige tiltaka for Ålesund sjukehus ligg fast. Bygningsmessig utviklingsplan for Volda sjukehus vil ikkje bli revidert i denne omgang.

Adm.direktør og leiargruppa vil med det aller første ta stilling til korleis revisjonsarbeidet skal organiserast under dette også godkjenne mandat for arbeidet, avklare roller, medverking, framdriftsplan mv.

Adm.direktør tilrår at arbeidet med revisjon av bygningsmessig utviklingsplan for Ålesund sjukehus blir starta no slik at forslag til revidert plan kan leggjast fram for styret til godkjenning i januar 2020. Når bygningsmessig utviklingsplan er revidert, vil styret måtte gjere ei ny prioritering av kortsiktige tiltak slik at desse prioriteringane står i forhold til tilgjengelege ressursar.